



Meland Bolig AS  
c/o Arne Rosssnes Vestbygdvegen 129  
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/15308 - 20/61145

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammer

kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:

02.10.2020

## Konsesjonssak GBNR 62/17 Toffing

Det vert synt til søknad om konsesjon, motteke 29.september 2020.

Søknad er å forstå slik at formålet med kjøpet er oppføring av fritidsbustader då det vert vist til plan for hyttebygging, godkjent av Lindås bygningråd i 1977.

I Kommuneplan for Lindås 2019 – 2031 har arealet på eigedomen gbnr 62/17 Toffing status som LNF. Ditt formål er såleis ikkje i tråd med kommunen/samfunnet sitt ynskje for bruken av arealet og kommunen må i såfall avslå søknaden din slik den ligg føre no.

Vil oppmode deg om å trekke innsendt søknad og endre formålet med kjøpet til å vera i tråd med gjeldande kommuneplan. Om du i ettertid ynskjer å koma med innspel til endring av kommuneplanen ved rullering av den har du sjølvsgt din fulle rett til det.

Avventar med handsaming av søknaden din til me får ei tilbakemelding frå deg. Du har din fulle rette til å få eksisterande søknad handsama. Får du avslag kan du sjølvsgt klaga på vedtaket.

Med helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Meland Bolig AS

c/o Arne Rossnes 5919  
Vestbygdvegen  
129

FREKHAUG